

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|-----|-----|------------------------|------------|---|--|
| 0.1 | 1 | Internt fra Kystverket | 29.03.2023 | Innspill om å nytte A, B, C i sjøkart istadenfor Alpha, Bravo, Charlie.. | Har gått over til A, B, C. |
| 0.2 | 1 | Bremanger havn | 31.03.2023 | Foreløpig innspill. Cruisedestinasjon + vind kan komme brått i Nordfjordeid (innspel per tlf) | Lagt til info om vind på dette ankringsområde |
| 1 | 1 | Brev ut | - | - | |
| 2 | 1 | Rogaland fylkeskommune | 18.04.2023 | Stavanger Maritime Museum Stavanger maritime museum skal, som fag- og forvaltnings-myndighet etter kulturminneloven, ta stilling til forholdet til automatisk fredete kulturminner og verna skipsfunn i sjø og vassdrag som berøres av omsøkt tiltak eller plan. | tas til etterretning |
| 2 | 2 | Rogaland fylkeskommune | 18.04.2023 | Stavanger Maritime Museum Potensialvurdering Norges kyst er mer enn 2000 kilometer lang. Her har det reist mennesker i over 11 000 år. På lange strekninger er sjøruten langs norskekysten, leden, skjermet fra storhavet av en skjærgård av øyer og holmer, men noen steder ligger kysten åpen mot havet. Slike steder har alltid vært farlige for skipsfarten. Majoriteten av ankringsområdene er ved naturlige havner som har vært brukt lagt tilbake i tid. Potensialet for fredete kulturminner og skipsfunn ansees som høyt i disse områdene. | tas til etterretning |
| 2 | 3 | Rogaland fylkeskommune | 18.04.2023 | Stavanger Maritime Museum Vårt innspill- ønske om tilgang til høyoppløselig grunndata 26 av ankringsområdene for innspill ligger innenfor området hvor Stavanger maritime museums har fag- og forvaltningsmyndighet (Figur 1). Hvert enkelt område må vurderes. Vi ønsker tilgang til grunndata i form av høyoppløselig multistråleekkolodd, side-scan sonar eller syntetisk apertursonar. Det vil gi tilstrekkelig datagrunnlag for en avklaring av hittil ukjente §4 automatisk freda kulturminner og §14 skipsfunn. | Kystverket har i forbindelse med kvalitetssikring av vår informasjon på ankringsområder søkt Forsvaret om å kunne benytte graderte data. Disse dataene kan Fylkeskommunen og søke Forsvaret om tilgang til, ders om det er behov. Me bistår gjerne i eit slikt initiativ, men kan ikkje viderelevare data me sit på utan vidare. Det varierer og i kva grad me har gode data for kvar enkelt område. |
| 3 | 1 | Aurland hamn | 24.04.2023 | Ved oppdatering av kartgrunnlag for ankerområder i Aurland kommune er det greit å ta omsyn til plassering av sjøkabel (vedlagt, trase 2) i samband med etablering av landstraum i Flåm ihht. innvilga søknad (Kystverket). Ut over det pågår det p.t. ei kartlegging ift. eit eventuelt vern av Sognefjorden, der det blir vurdert reguleringar ift. bruk av anker. Då er det ekstra naudsynt å få kartfesta ankringsområda som nyttast i kommunen i forkant. Me vil difor oppmode til at de tek ei god gjennomgang på ankringsområde i Aurland, Flåm og Gudvangen. I vårt område er det i hovudsak cruiseskip (Flåm) , lasteskip (Gudvangen) og superyachtar (Flåm, Gudvangen, Aurland) som legg seg på anker. Me har registrert følgjande i vårt hamnedriftssystem; Ankringsområder: Gudvangen, Aurland, Flåm (med kartutsnitt) | Kystverket vil avklare så snart som mogleg arealavgrensningane i Gudvangen og Flåm, og tilleggsområde ved Aurlandsvagen. Kabeltrase er svært nyttig informasjon som me legg som vedlegg internt i vår database. |
| 4 | 1 | Aurland hamn | 25.04.2023 | Syner til innspel ift. ankringsområder i Aurland kommune. Me har også erfaringsmessig hatt litt utfordringar ift. utsetjing av krepseteiner i stampeviki. Området ligg rett nok utanfor gjeldande ankringsområde, men cruiseskipa som gjerne ligg på anker inn mot denne vika får problem om dette er tilfelle. Vårt råd er at ankringsområde vert utvida, slik at dei også famnar om ein viss tryggleiksavstand ifbm. ankring av store skip. | Ankringsområde Flåm indre vurderes utvida |
| 5 | 1 | Karmsund havn | 25.04.2023 | Karmsund havn har følgende kommentar til den tilsendte dokumentasjonen; • Ang. Kvernavika og Bøvågen: Områdene er regulert til opplag, Karmsund Havn må kontaktes før oppankring med tanke på opplagsforespørslar og eventuelle ankersystem på bunn. Kontaktinfo på faktaarket er korrekt. Ta ellers gjerne kontakt dersom det er noe mer vi kan bidra med i denne sammenheng. | Det vert lagd inn informasjon om opplagsinteresse på dei to ankringsområda som er nemnd. Både los og VTS-tjenesta vert gjort merksam på innspelet |
| 6 | 1 | Kinn kommune | 28.04.2023 | Risiko knyttet til vannforsyningen til Florø. | Informasjon om vannleidningar vert formidla tydeleg til los og vts-tjenestene. Gruppen for kvalitetssikring revurderer behovet for dette ankringsområde. Fartøy synes ihovudsak å ligge på DP (digital posisjonering utan anker ute her? Mest aktuelt at areal kan reduseres til diameter 250 meter? Melde til Kinn kommune/Frode Ellingsund hva konklusjon blir |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|------------------------|------------|--|---|
| 7 | 1 | Bergen havn | 12.05.2023 | Viser til hjemmel i HFL §9a. Kommunen har også et ansvar tilsvarende Kystverket. Forskrifter skal godkjennes av departementet | tas til etterretning |
| 7 | 2 | Bergen havn | 12.05.2023 | Viser til losenes retningslinjer: "Lokale retningslinjer for losing i Kystverket". Fungerer bra. Fra Kystverkets interne base: For alle fartøy anbefales følgende: -Ikke tillatt å ankre fartøy som fører farlig eller forurensende last i bulk (tankskip). Tankfartøy i ballast kan ankres dersom de er gassfri. (Tankene er inerted) -Ikke tillatt å ankre fartøy over 15 000 BT. | tas til etterretning (foreslå at losenes forvaltning av bestemmelser for ankringsområder også nytter same id for å bedre kunne finne informasjonen i ulike tjenester (anchorageId 4002 = Sandvikflaket) |
| 7 | 3 | Bergen havn | 12.05.2023 | bemerket at Fanafjorden i Bergen kommune, Eidsnes i Alver kommune og Raunefjorden og Kobbaleia i Øygarden kommune ikke er avmerket i Kystverket sin karttjeneste | Desse vil inkludast så snart innspelsrunden er fulgt opp. |
| 7 | 4 | Bergen havn | 12.05.2023 | Bergen Havn sitt døgnkontinuerlige operasjonssenter kan oppgis i Kystverkets faktaark over operativ støtte for fartøy som har behov for å ankre. Operasjonssenteret kan kontaktes per e-post havnevakt@bergenhavn.no eller per telefon til 55 56 89 80. | Kontaktinfo er lagt inn i vår database |
| 8 | 1 | Bømlo kommune | 12.05.2023 | Ang. Serklau, Mosterhamn: Dette området er ikkje sett av til oppankring i Bømlo kommune sin kommuneplan. Kommuneplan forventes lagt ut på høyring hausten 2023 | Hav- og kystforvaltningsavdelingen må avklare endring i Kystverkets register og spille inn endringsbehov til kommuneplanen ved anledning. Det er og noko miks av det ein orstår som "ankringsområder for sjøtransporten", og det som er "opplagsområder for sjøtransporten". Sender kopi av |
| 9 | 1 | Rogaland fylkeskommune | 11.05.2023 | Fylkeskommune viser til "Marine grunnkart" som særlig nyttig informasjon for aktuelle ankringsområder | Kystverket er med i initiativet til "Marine grunnkart" og støtter fullt og heilt fylkeskommunen sitt innspel |
| 9 | 2 | Rogaland fylkeskommune | 11.05.2023 | Anbefaler at flere tema tas med i vurdering av ankringsområder, E21 | Kystverket vil gå gjennom alle områdene i fylkene Rogaland og Vestlandet og legge inn informasjon der vi finner det i fylkesvise data (https://temakart-rogaland.no/ + www.fylkesatlas.no), og igjen vurdere status på områda ut frå dette. |
| 9 | 3 | Rogaland fylkeskommune | 11.05.2023 | Av ankringsområdene som presenteres er det særlig fem områder vi gjerne så at det ble funnet alternativer til på grunn av friluftslivs- og landskaps-/kulturlandskapsinteressene i og nær områdene. Det gjelder de to områdene i Lysefjorden, og områdene Vistevinga, Karmsundet – Bøvågen, og Finnasandbukta. | Informasjon som fylkeskommunen viser til er lagt inn på dei fem områda. Dei fem områda har eit lavt antal ankringarav fartøy så konflikten vert vurdert å vera avgrensa. Kvalitetssikringa av ankringsområder i 2023/24 inkluderer ikkje vurderinger av opplagsverksemd knytt til fartøy og offshore-installasjonar. |
| 9 | 4 | Rogaland fylkeskommune | 11.05.2023 | Vi ser det som viktig at ankringsområder blir sikret gjennom planmessig behandling ved rullering av kommuneplanene. Samtidig bør det foretas en oppdatering av ankringsbehov og avveining mot andre arealbruksinteresser. For noen av områdene har allmenne arealbruksinteresser fått en sterkere posisjon gjennom ny faglig kunnskap de senere årene. For de spesifikt nevnte områdene, der landskap/kulturlandskaps- og friluftslivsinteressene er spesielt store, er det ønskelig at de allmenne interessene gis prioritet. Vi håper innspillene vil være nyttige for gjennomgang av ankringsområdene, og at våre anbefalinger kan tas med i Kystverkets innspill til kommuneplanene når disse skal revideres | Tas til etterretning. Er i samsvar med Kystverket si vurdering av planarbeid etter plan- og bygningslova. |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|----------------------|------------|--|--|
| 10 | 6 | Sør-Norges Fiskarlag | 16.05.2023 | <p>Fleire av ankringsområda ligg i registrerte fiskeområde som fører til at ankring av fartøy i områda vil ein få arealbeslag som umogleggjer fiske.</p> <p>Sør-Norges Fiskarlag ber om justering/innskrenking av følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hervikfjorden – ankringsområdet ligg delvis inne i eit reketrålfelt. Ein ber om innskrenking i tråd med vedlagt kart. - Falkeidflæet – ankringsområdet ligg delvis inne i eit viktig område for garnfiske på vinterstid. Ein ber om innskrenking i tråd med vedlagt kart. - Hilleøyane og Hilleøyane øst – ankringsområda ligg delvis i område for teinefiske etter kreps. Ein ber om justering av ankringsområdet i tråd med vedlagt kart. <p>Ein føreset at det her kun er snakk om midlertidig ankringsområde for sjøtransport og ikkje lagringsområde for t.d. installasjonar. I slike tilfelle ber ein om tidleg og tett dialog med Fiskarlaget for å avgrense brukskonfliktar.</p> | <p>Kystverket vurderer at arealavgrensninga til dei fire områda ikkje bør justerast, men at fiskeri-interessene som er påpeikt vert tatt med i operativ informasjon som vert nytta ved bruk av områda. Om Falkeidflæet sjå også innspel frå Statsforvaltaren i Rogaland (nr 13-13)</p> <p>Hervikfjorden og Falkeidflæet: Arealavgrensning i søraust er viktig for å unngå at leidningar eller anna på havbotnen skal øydelegge det gode og svært viktige ankringsområde. Ein skal søke minst mogleg konflikt med reketrålfelt og garnfiske.</p> <p>Hilleøyane og Hilleøyane aust: Å flytte område nordover er i konflikt med verneformål som er under utgreiing av Fylkesmannen i Vestland. Informasjon om teinefiske vert lagt til i Kystverkets operative informasjon for å redusere konflikten. Dette er og område som er brukt kun få gonger i året.</p> |
| 11 | 1 | Stad kommune | 12.05.2023 | <p>Stad kommune er positiv til at ankringsområda blir kartfesta i sjøkart og at Kystverket legg dei inn i eigen informasjonsbase. Dette vil gjere det enklare å planlegge sjøareala våre og sjå til at det ikkje blir planlagt kablar og leidningar i sjø der desse kan kome i konflikt med ankringsområda.</p> <p>For ankringsområda i Moldefjorden vil vi gjere Kystverket merksame på at vi arbeider med 2 detaljreguleringsplanar og 1 vassverk i dette området. Planane inkludera etablering av nye sjøleidningar i Moldefjorden. Her ønsker vi dialog med Kystverket for å tilpasse leidningsnettet til dykkar behov for ankring.</p> | <p>Behov for oppdatering i sjøkart tas til etterretning.</p> <p>Tiltaka i Moldefjorden vil ein kunne avklare med Kystverkets avdeling for hav- og kystforvaltning.</p> |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|-----------------------------|------------|---|--|
| 12 | 1 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Våre innspel</p> <p>Til høyringa føreligg ei oversikt over nye ankringsområde som Kystverket ønskjer tilbakemelding på.</p> <p>Vi oppfattar oversikten som ei moglegheitsvurdering av aktuelle ankringsområde, som grunnlag for å seinare legge inn i og oppdatere kystinfo og sjøkart. Det er uklart for oss om dette inneber endringar i arealbruken eller arealmessige bindingar som kan setje andre areal-bruksomsyn til side. I så fall meiner vi at dette må planavklarast etter plan- og bygningslova før områda kan takast i bruk som ankringsområde.</p> | <p>Kartlegginga er i hovudsak ei kartlegging av viktige areal på kysten der fartøy faktisk i dag ankrar opp.</p> <p>Kystverket er heilt einig i at ei interesseavklaring i hovudsak vil måtte avklarast i planprosessar etter plan- og bygningslova. Men hamne- og farvass lova er og ein viktig heimel for regulering av ankring.</p> |
| 12 | 2 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Alle offentlege avgjerder som påverkar naturmangfald skal byggje på eit kunnskapsgrunnlag</p> <p>Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar etter naturmangfaldlova § 7 om at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.</p> <p>Vi legg til grunn at alle offentlege avgjersler som påverkar naturmangfald, inkludert oppankring, skal byggje på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknadar (naturmangfaldlova §8). Vi vil også minne om naturmangfaldlova § 9 føre-var-prinsippet.</p> | <p>Naturmangfoldlova er mest sentral i arealplanprosessar, men lova har og relevans i arbeid med sjøkartet og informasjonsinnhenting knytt til dei enkelte område</p> <p>Kystverket presenterar i Kystinfo (Sjå elles møtenotat etter Teamsmøte 22.6.2023)</p> |
| 12 | 3 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Nye ankringsområde på høyring er i område med pågåande marine verneprosessar.</p> <p>.... Konkret om dei enkelte nedanfor</p> | <p>Marint vern inneber i ein del samanhengar forbud mot ankring (Sjå elles møtenotat etter Teamsmøte 22.6.2023)</p> |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|-----------------------------|------------|--|--|
| 12 | 4 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Ytre Hardangerfjord kandidat område for marint vern</p> <p>- To marine verneområde, Ytre Hardanger og Krossfjorden, har vore utgreidd hos oss og ligg no i KMD for endeleg handsaming.</p> <p>Terksele i Ytre Hardangerfjorden er rik på biologisk mangfald og har viktige verneverdiar. Dette området er sårbart for oppankring.</p> <p>Vi tilrår at Kystverket har dialog med Klima- og miljødepartementet, der saka ligg no, om ankringsområda Søre Hillegrunnen og Hilleøyene øst. Vi tilrår vidare at desse to ankringsområda blir sletta av omsyn til kjente marine verdiar på botnen.</p> <p>Vi tilrår å ta ut dei to føreslegne ankringsområda Søre Hillegrunnen og Hilleøyene øst i Hardangerfjorden. Det er kjente marine verdiar på botn, og oppankring her vil kunne truge disse naturverdiane. I tillegg ligg disse delvis inne i eit kandidat område for marint vern, der tilrådd verneforskrift seier at oppankring i er forbode.</p> | <p>Dette er informasjon Kystverket hadde med i kartlegging før innspelsrunden, men grensene i nord vil justerast for å unngå verneområde så snart vern/vernegrenser er vedatt. Forslaget som gikk ut på innspillsrunde er allereie justert for å unngå verneområde. Verneverdier statsforvalteren peiker på vert lagd inn som informasjon i databasen (Sjå elles møtenotat etter Teamsmøte 22.6.2023).</p> |
| 12 | 5 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Dalsfjorden kandidat område for marint vern</p> <p>Vi fekk innspel frå Kystverket i brev datert 20.04.2022 under høyringa for Dalsfjorden marine verneområde. Innspelet til det marine vernet handla om navigasjonsinstallasjonar. Det er såleis nytt for oss når Kystverket markerer to areal (Fossevika og Røvika) i eit kandidat område der vi meldte oppstart av den marine verneprosessen allereie i 2017, med tilsvarande lange høyringsrundar.</p> <p>.....</p> <p>Vi fekk innspel i høyringa av det marine vernet, frå Sunnfjord kommune, om å leggje inn ei opning for oppankring av skip. Vi er innstilt på å kunne å leggje inn ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta frå forbodet mot oppankring for større skip for avgrensa tid (ikkje langtidsopplag). Slik kan vi vurdere om båtar (større enn småbåt, definert til 15 meter+) kan ankre opp i det marine verneområdet dersom det ikkje strir mot verneføremålet, og vi har eit godt nok kunnskapsgrunnlag for å vurdere søknaden.</p> <p>Vi er innstilt på å setje av eit areal i Fossevika i Fjaler kommune til oppankring i Dalsfjorden kandidat område for marint vern når vi får inn eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere om det er eller ikkje er sårbart biologisk mangfald der. Kor og eventuelt kor stort eit eventuelt oppankringsområde eventuelt blir, eller om den beste driftsmetoden kan bli ei større bøye får vi vurdere etter ei kunnskapsinnhenting.</p> <p>Vi ønskjer i utgangspunktet ikkje å setje av Røvika til oppankringsområde i Dalsfjorden, men kan leggje inn ein generell dispensasjonsheimel for oppankring av større skip i Dalsfjorden etter søknad. Det må likevel vere eit kunnskapsgrunnlag i botn for å kunne gje løyve, slik at slik aktivitet ikkje trugar verneføremålet.</p> | <p>Kystverket har i brev juni 2023 til Statsforvaltaren bedt om at begge område vert ivaretatt i verneforskrift for Dalsfjorden (Kystsak 2022/776-4). Sjå elles møtenotat etter Teamsmøte 22.6.2023</p> |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|-----------------------------|------------|--|--|
| 12 | 6 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Sognefjorden kandidat område for marint vern</p> <p>Den 08.12.2023 meldte vi oppstart av eit 999 km2 areal for marin verneprosess for Sognefjorden. Oppstarten medfører at naturmangfoldlova §44 blir gjort gjeldande som påverkar tiltak og aktivitetar som kan påverke verneforslaget.</p> <p>Med dei nye ankringsområda som Kystverket føreslår kan vi telje 24 område innanfor grensene vi har meldt oppstart på, fleire av dei 13 første er i tillegg utvida/endra i dykkar nye forslag. Vi ønskjer difor eit snarleg møte med Kystverket om disse områda og eit eventuelt samarbeid for å kunne kartleggje alle areala.</p> <p>Det må føreligge eit kunnskapsgrunnlag før ein kan opne for (fleire) ankringsområde i Sognefjorden kandidat område for marint vern. Vi førebur kartlegging av 13 ankringsområde i Sognefjorden i år, kartlegginga blir gjennomført av Havforskningsinstituttet. Vi ønskjer dialog om ytterlegare kartlegging i området.</p> | Status per i dag er at det etter sjøretten kan ankrast alle stader der det ikkje er gjort forbode om dette. Dette er ein naturleg del av sjøtrafikken. Kystverket ser positivt på kunnskapsinnhenting for Sognefjorden i samheng med vernearbeidet og tilsvarande arbeid i prosjektet Marine grunnkart. Me må likevel beklage at det blir nei til invitasjonen på å dekke kostnader til kartlegging av naturtilstand i Sognefjorden. Sjå elles møtenotat etter Teamsmøte 22.6.2023 |
| 12 | 7 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | <p>Kartlaget til Kystverket for marine verneplaner må bli oppdatert.</p> <p>Vil avslutningsvis peike på at kartgrunnlaget om marine verneplaner på Kystverket sitt kart om ankringsinnspill ikkje er korrekt....</p> | Kartlag vil bli oppdatert til de neste innspillsrundene |
| 12 | 8 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | Vi legg til grunn at Bergen museum og andre kulturminnemynde også er invitert til innspel i denne høyringa, då det t.d. er føreslege areal utanfor Fimreite til oppankring, der det kan vere kulturminne. | Kystverket har sendt til fylkeskommune som har overordna ansvar for kulturminne, der deler av dette ansvaret er delegert vidare til Bergen museum. Kystverket vil i innspelsrundar vidare for norskekysten også sende direkte til marinarkeologisk fagmynde. For Fimreite vil me ta direkte kontakt med Bergen museum for vidare avklaring og tar denne ut inntil vidare. |
| 12 | 9 | Statsforvaltaren i Vestland | 24.05.2023 | | <p>Generelt:</p> <p>Kystverket vil ta hensyn til eventuell ny kunnskap, særleg om havbotnen, og ber om at både Statsforvaltar og andre aktørar melder inn om slik kunnskap innafor ankringsområda Kystverket her ivaretar. Meir konkret for eksempel knytt til Lærdal kan vera grunnlag for både justering av grenser til område og plassering av symboler i sjøkartet</p> |
| 13 | 0,5 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | <p>Kystverket må i sitt arbeid ta tilstrekkeleg omsyn til natur og naturverdiar. I sitt arbeid med ankringsområder for sjøtransport legg kystverket til grunn nyttefartøy over 70 meters lengde (lospliktig trafikk).</p> <p>Av generell karakter bør Kystverket i større grad nytte informasjon om natur og vurdere sårbarheit og risiko for forureining og forstyrring av sårbar natur. Kystverket pliktar til å følgje naturmangfoldlova (nml) i sine vedtak, jf. § 7 i nml, og dei må følgje plikt om aktsemd, jf. § 6 i nml. Dette gjelder også ved stadfesting av ankringsområder for nyttefartøy. Ankringsområder må påreknast stor trafikk, og det vil kunne ligge fartøy ankra over tid. Dette vil kunne skape ulike utfordringar for naturverdiar både i og på sjøen.</p> | Se svar til Statsforvalter i Vestland ovenfor (svar nr. 12-2) |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|-----------------------------|------------|--|---|
| 13 | 1 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | i) Karlsmedgrunnen Karlsmedgrunnen: her er ankringsområdet endra, og den søndre delen av framlegget strekker seg inn i Jærkysten marint verneområde (VV00003234). I følge forskrifta er det eit forbod mot oppankring, jf. § 3 bokstav c. https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2016-06-17-689 . Kystverket kan ikkje legge ankringsområde inn i marint vern. Skip som ankrar i dette området, vil bli forfølgd med heimel i forskrift. | Kystverket var ikkje kjend med det aktuelle forbudet. Vi har umiddelbart varsla endring på areal i sjøkartet, og gjer tilsvarande endring i arealavgrensning i Kystinfo. |
| 13 | 2 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | ii) Rottfjorden Ligg innafor avgrensinga til Jærestrendene fuglefredingsområde (VV00000489), https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2003-12-12-1675 . Fuglefredingsområdet skal ta vare på fugleliv og det er eit forbod mot alle formar for skade, øydelegging og unødig forstyrning, jf. § 3B punkt 1. Me ser det som positivt at ankringsområdet er innskrenka i sør, men det er svært uheldig at området er utvida mot nord, dvs. inn mot Rott. Her må Kystverket inkludere ein vurdering av risikoen for forureining. Fugleliv på sjø og langs strandlinjene er svært utsett for store og små utsepp fra fartøy, eit uhell eller forlis i desse områdene vil kunne ha katastrofale følgjer for fugle- og dyreliv i sjø og langs strendene. | Dette ankringsområde er lite brukt, og mest aktuelt ved nordleg vind. Det er då hensiktsmessig å ligge litt nær land for å ligge skjerma. At fartøy ligg sikkert til ankers er minst like viktig som avstand til eventuelt sårbare områder. Kystverket har valgt å ikkje merke område i sjøkartet med hverken punkt-symbol eller areal. På denne måten ønsker vi å sikre tilgangen til område og unngå eventuelle sjøkablar/annlegg i sjø utan at vi vil auka bruken av ankringsområde. |
| 13 | 3 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | iii) Nord om Rott Som Rottfjorden ligg dette arealet innafor avgrensinga til Jærestrendene fuglefredingsområde (VV00000489). Av omsyn til moglege konsekvensar for fugleliv med risiko for uønska utsepp eller forlis, bør ein vurdere alternative områder. | Informasjon om sårbar natur legges inn som operasjonell informasjon for los og VTS-tjenesten |
| 13 | 4 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | iv) Oksafotskjæret Som Rottfjorden ligg dette arealet innafor avgrensinga til Jærestrendene fuglefredingsområde (VV00000489). Av omsyn til moglege konsekvensar for fugleliv med risiko for uønska utsepp eller forlis, bør ein vurdere alternative områder. Statsforvaltaren er negativ til den framlagde utvidinga av dette ankringsområdet. | Utvidelse av areal er en gjenspeiling av faktisk bruk og for å sikre mot kabler eller andre installasjoner, og vurderes ikke å medføre økt ankringsaktivitet. Informasjon om sårbar natur legges inn som operasjonell informasjon for los og VTS-tjenesten |
| 13 | 5 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | v) Åmøyfjorden I Kystverket sine kartlag (https://kart.kystverket.no/ankringsinnspill) ser me at naturverdiane som kjem fram er svært avgrensa. Her viser me til ny kartlegging av marine høve: https://www.temakart-rogaland.no/ og temalag: Marine grunnkart i kystsona. Kystverket må inkludere denne informasjonen i sine vurderingar og avgrensingar. | Marine grunnkart viser noen punkter i Åmøyfjorden med sårbare marine habitater (VME). Det er usikkert om dette er punkter med høy sannsynlighet for sårbar natur, eller bare noe høyere sannsynlighet en ellers i ankringsområde? Kystverket vil gå mer inn i Marine grunnkart og vurdere økt bruk v informasjon fra dette. |
| 13 | 6 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | vi) Steinsøy Dette området ligg inntil areal med havnespy (japansk sjøpung), som er ein framand art som spreiaast lett mellom anna ved å festa seg på skip. Det er klart at fartøy som ligg for anker vil bli eksponert for sjøpung i lengre tid, og arten kan da feste seg og bli frakta vidare. Kystverket må vurdere om det er fare for å medverke til ytterlegare spreieing av denne arten. Arten er ein betydeleg lokal miljørisiko for sjøliv. https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arternaturtyper/fremmede-arter/havnespy-japansk-sjopung/ | Utfordringen med Japansk sjøpung som er etablert på Sørvestlandet er stor. Der det eventuelt kommer konkret veiledning eller regulering for gitte områder, så vil dette inkluderes som operasjonell informasjon på aktuelle ankringsområder. Ellers ivaratas dette med en generell varsomhet i områder med forventet japansk sjøpung i nærområde for både lostjenesetn og vts-tjenesten. Steinsøy er også de siste årene ikke mye brukt til ankring. |
| 13 | 7 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | vii) Riskafjorden | - |
| 13 | 8 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | viii) Lysefjorden Sør desse områda ligg sentralt i innløpet til Lysefjorden, og oppankringa av fartøy i dette området vil være svært uheldig for livet i sjøen og landskap av svært stor verdi. Kystverket bør vurdere alternative lokalisering av ankringspunkt. | Dette er lite brukte ankringsområde, men svært nyttig å ha trygg plass ved behov. Det er og snakk om kun korte opphold, og ikkje snakk om opplag av fartøy eller konstruksjonar. Alternativet med å ligge rett i nærleiken med maskinar i gang istadenfor å kunne slippe anker å stanse maskiner vurderes også uheldig for natur/klima. |

| ID | Del | Fra | Dato | Innspill | Kystverkets merknad |
|----|-----|-----------------------------|------------|--|--|
| 13 | 9 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | ix) Lysefjorden ved Hølesli Desse områda ligg sentralt i innløpet til Lysefjorden, og oppankringa av fartøy i dette området vil være svært uheldig for livet i sjøen og landskap av svært stor verdi. Kystverket bør vurdere alternative lokalisering av ankringspunkt. | Sjå punkt ovanfor (13.8) |
| 13 | 10 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | x) Finnasandbukta Området er framlagt utvida inn mot Finnasandsbukta. Dette er svært uheldig med omsyn til fugleliv og de natur- og landskapsverdiene som finst i området. Området ligg svært nær Klosteråvågen kor det er meld oppstart for vern etter naturmangfaldlova . Ankringsområdet bør ikkje utvidast i sørvestleg retning slik som indikert i kart for ankringsinnspel (). | Er eit lite brukt ankringsområde. Kystverket vil legge inn merknader på landskapsverdiar og naturverdiar på operativ informasjon (Kystverkets database). |
| 13 | 11 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | xi) Ombofjorden Området ligg rett på utsida av Nesheim naturreservat (VV00000513). Kystverket må vurdere verneområdet som ligger på tilstøytane landareal. Me kan ikkje sjå at dette er omfatta av deira innsynsløysing (https://kart.kystverket.no/ankringsinnspill). For Ombofjorden bør Kystverket vurdere alternativ plassering lengre vekk frå naturreservatet. | Kystverket vurderer konflikten med naturvernområde vest for ankringsområde til å vera avgrensa sjølv om det er kort avstand. Hovudverdi naturvernområde er stor kristornforekomst/kulturlandskap på land. |
| 13 | 12 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | xii) Sør om Foldøy Området ligg nærme Foldøy naturreservat (VV00000720). Her bør Kystverket vurdere alternativ plassering lengre vekk frå nemnte naturreservat. Å legge eit ankringsområde så tett opptil naturreservat og gruntvassområda inn i Søre Breidvika er ikkje aktsamt. Ved utslepp, forureining frå ankra skip vil det kunne får alvorlege naturkonsekvensar. Me synar til plikta om aktsemd, jf. § 6 i nml, og ber Kystverket finne ei alternativ plassering som ikkje er like utsett for skade. | Rett vest av område ligg Foldøy fuglefredningsområde og Tjuvholmen/Klumholmen naturreservat (https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000720 , https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000412 , . Ikkje ønskelig med auka risiko for utslepp her. Det er og begrensa sjøtrafikk i dette område. Kystverket vel difor å ta ut dette område (Sør om Foldøy). |
| 13 | 13 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | xiii) Flakeidflæet ligg sørvest for to naturreservat Gåsholmen og Årvikholmen naturreservat (VV00001717) og Nautøy, Longholmen og Bukkholmen naturreservat (VV00001666). Desse områda er svært sårbar for forstyrring, og det er i dag mykje trafikk i området, med omsyn til anlegget på Kårstø. Me ser at dagens grense for ankringsområda bør lengre vekk frå desse verneområda. | Et svært viktig ankringsområde for drifta på Kårstø gassprosesseringsanlegg. Sårbare naturverdier vert lagt inn i operasjonell informasjon knytta til område. Stor trafikk siste åra gjer at det ikkje er aktuelt å redusere arealet. Det er og press frå vestsida knytt til fiskeriverksemd. |
| 13 | 14 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | xiv) Flakeidflæet (aktuelt tillegg) Dette området ligg i databasen til Kystverket (Fig. , men er ikkje opplista i dei områda som Kystverket ber om innspel til. Likevel ønskjer me å informere om at områda slik dei er avgrensa inkluderer areal på bae verneområda nemnt ovanfor. Med vårt innspel ønskjer me å tydeleggjere at arealet som ligg som «aktuelt tillegg» vil ha negativ påverknad på verneverdiane, og det er periodisert ferdselsrestriksjon i området, jf. forskrift. «I tiden fra og med 15. april til og med 1. august er det forbud mot ilandstigning og ferdsel på øyer og holmer og i en 50 m sjøsone omkring». Statsforvaltaren vil innstille Kystverket til å ta bort arealet Falkeidflæet (aktuelt tillegg) frå sine framtidige vurderingar. | Konfliktpotensiale er notert, og Kystverket vil ikkje ta med dette områda vidare no. |
| 13 | 15 | Statsforvalteren i Rogaland | 26.05.2023 | xv) Karmsundet – Byggenes, Hølevarde og Bøvågen Dette området ligg inntil areal med havnespy (japansk sjøpung), som er ein framand art som spreiaast lett mellom anna ved å festa seg på skip. Det er klart at båtar som ligg for anker vil bli eksponert for sjøpung i lengre tid og arten kan da feste seg og bli frakta vidare. Kystverket må vurdere om det er fare for å medverke til ytterlegare spreieing av denne arten. Arten er ein betydeleg lokal miljørisiko for sjøliv. https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/fremmede-arter/havnespyjapansk-sjopung/ . | Sjå tilsvar under Steinsøy (ref 13-6) |